

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 19.03.2018
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHANDSAMAR: Linn Jonassen
SAKA GJELD: **Oversikt over høyringar 05.04.2018**

ARKIVSAK: 2015/1423
STYRESAK: 042/18

STYREMØTE: 05.04. 2018

Administrerende direktør si orientering pkt. 3

Dato for brev	Saka gjeld	Høyringsfrist	Status
13.12.2017	Høyring – pakkeforløp psykisk helse og rus	Høyringsfrist 01.04.2018	Høyringsbrev er sendt til HF-a
15.12.2017	Høyring – forslag om ny opplæringsmodell for ambulansefaget <i>Høyringa omhandlar ny opplæringsmodell for faget.</i>	Høyringsfrist 14.03.2018	Høyringssvar blei sendt
15.12.2017	Høyring – forskrifter om endringar i førarkortforskrifta og yrkessjåførforskrifta	Høyringsfrist 15.03.2018	Høyringssvar blei ikkje sendt
16.01.2018	Høyring - endring i forskrift om tilsetjing og opprykk i undervisnings- og forskarstillingar <i>I Meld. St. 16 (2016- 2017) Kultur for kvalitet i høgare utdanning varsla regjeringa at den vil arbeide for at utdanningsfagleg kompetanse skal verdsettast høgare, og at utdanningsfagleg kompetanse og undervisningserfaring i større grad skal vektleggast ved tilsetjingar og opprykk. Som ledd i arbeidet med å følgje opp meldinga satt Kunnskapsdepartementet ned ei arbeidsgruppe med medlemmer frå universitets- og høgskulesektoren som har utgreia og kome med forslag til utdanningsfagleg kompetanse det bør stillast krav om ved tilsetjing og opprykk i førsteamanuensis- og professorstillingane. Departementet har også satt ned eit ekspertutval som skal vurdere og kome med eventuelle</i>	Høyringsfrist 03.04.2018	

	<i>forslag til endringar i stillingsstrukturen ved universitet og høgskular.</i>		
30.01.2018	Høyring – endringar av politidistriktsgrenser <i>Politidirektoratet har fått i oppdrag av Justis- og beredskapsdepartementet å anbefale kva politidistrikt dei nye kommunane skal høyre til.</i>	Høyringsfrist 01.05.2018	
30.01.2018	Høyring - rapport om like konkurransevilkår for offentlege og private aktørar	Høyringsfrist 02.05.2018	
09.02.2018	Høyring - utviklingsplan Sunnaas sjukehus HF 2035 <i>Sunnaas sjukehus HF Utviklingsplan 2035 er utarbeidd med utgangspunkt i den nasjonale rettleiar for utviklingsplanarbeidet, samt regionale føringar lagt av Helse Sør-Aust, for kva som skal inngå i planarbeidet. Endelig plan skal styrebehandlast i slutten av april 2018. Utviklingsplanen er basert på føretaket sin Strategi 2030, og er konsentrert om vidareutvikling av dagens Sunnaas sjukehus HF for å møte utfordringane innan rehabiliteringsfeltet. Planen gjer greie for tiltak for å auke tilgjengelegheit til rehabiliteringstenestar i befolkninga.</i>	Høyringsfrist 23.03.2018	Høyringsbrev er sendt til kompetanse-senteret i Helse Bergen HF
09.02.2018	Høyring - omfanget av leveringspliktige posttenester <i>Copenhagen Economics har på oppdrag frå Samferdselsdepartementet greia ut ulike alternativ for leveringspliktige posttenester og statleg kjøp.</i>	Høyringsfrist 06.04.2018	
09.02.2018	Høyring - forskrift om nytt biverknadsregister <i>Forskrifta skal gjelde innsamling og anna behandling av meldingar om biverknadar av legemidlar til menneskje. Bruk av data om legemiddelbruk er eit viktig verktøy for systematisk oppfølging av pasientbehandling, som grunnlag for auka pasienttryggleik og betre kvalitet på helse- og omsorgstenestene.</i>	Høyringsfrist 09.05.2018	
09.02.2018	Høyring - rapport frå ekspertutvalet som har vurdert nye oppgåver til fylkeskommunane <i>Utvalet sitt mandat var å vurdere oppgåver hos staten som kan overførast til fylkeskommunalt nivå. Forslaga skal kunne styrke fylkeskommunane sin samfunnsutviklarrolle, gi en meir brukarvennleg forvaltning, ein betre offentlig ressursbruk, og betre tenester for innbyggjarane og næringsliv. Utvalet leverte sin rapport 1. februar 2018.</i>	Høyringsfrist 09.05.2018	
20.02.2018	Høyring - NOU 2017:16 På liv og død <i>I mai 2016 satt regjeringa ned eit offentlig utval med mandat å gjennomgå og vurdere dagens palliative tilbod. Utvalet overleverte NOU 2017:16 På liv og død. Utvalet har foreslått tiltak for å møte</i>	Høyringsfrist 21.05.2018	

	<i>brukarane/pasientane og dei pårørande sine behov og ønskjer for innhald i, organisering av og stad for behandling, pleie og omsorg i sluttfasen av livet, uavhengig av diagnose, alder, bustad eller andre forhold, frå diagnosen blir stilt, gjennom sjukdomsperioden og fram til livets avslutning. Utvalet har føreslått tiltak som skal bidra til å styrke kvalitet, kompetanse, samhandling, fagleg omstilling og nye arbeidsformar, samt samarbeid.</i>		
27.02.2018	Høyring - ny konkurranse om regionale ruteflygingar i Sør-Noreg frå 1. april 2020 <i>Samferdselsdepartementet gir tilskot til regionale flyruter på ein rekke strekningar i Noreg, der marknaden aleine ikkje sikrar tilfredsstillande transportstandard.</i>	Høyringsfrist 28.05.2018	
27.02.2018	Høyring - pakkeforløp gravide og rusmidlar <i>Helsedirektoratet fekk i 2016 oppdrag frå Helse- og omsorgsdepartementet å utarbeide pakkeforløp for psykisk helse og rus. Dette er eit utviklingsarbeid basert på samarbeid med brukarane og fagmiljø i alle delar av helse- og omsorgstenesta, samt andre aktuelle aktørar.</i>	Høyringsfrist 01.06.2018	
28.02.2018	Høyring – rapport om handtering av einingspris for legemidlar og prinsipp for rutinar for prisinformasjon <i>Arbeidsgruppa for å utarbeide forslag til nye rutinar for handtering av prisinformasjon på legemidlar har levert sin rapport. I mandatet blei arbeidsgruppa blant anna bedt om å beskrive kva aktørar som skal ha tilgang til prisinformasjon og på korleis aktørane skal få denne informasjonen. I møte 27.februar 2018 bad dei administrerande direktørane i dei regionale helseføretaka om at Sjukehusinnkjøp HF, på vegne av dei fire regionale helseføretaka, sender rapporten på høyring.</i>	Høyringsfrist 01.06.2018	
13.03.2018	Høyring - revidert standard for Digitale anskaffingar	Høyringsfrist 27.04.2018	